



Statsforvaltaren i Vestland  
Statens hus  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/878 - 23/5360

Sakshandsamar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
07.06.2023

## Oversending for uttale - Søknad om deling /oppretting av festetomt - gbnr 53/1 og 53/2

### OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE EKSTERNE

Saka gjeld søknad om oppretting av ny festegrund til hytte etablert på gbnr. 53/1,2 i Masfjorden kommune.

Hytta vart opprinneleg sett opp av grunneigar som ei utleigehytte i 1998 for å skapa ei ekstra inntekt på garden og det er i byggjeløyvet då sett som ein føresetnad at ikkje hytta vert tillete fråskild garden. Det har i ettertid vist seg å vera vanskeleg å leiga ut hytta slik tiltakshavar hadde planlagt, og han ynsker nå å få oppretta festetomt og overført den til ny festar/ eigar. Det vert i søknad no opplyst at det i praksis er person som no ynskjer å få oppretta festetomt, som har kosta hytta. Det er ikkje framlagd noko dokumentasjon på dette.

De vart i 2011 søkt om frådeling for same hytta, det var avslag både administrativt og politisk då ei frådeling ville krevja dispensasjon og det ikkje låg føre særlege grunnar som tala for å gje dispensasjon. Vedtaket vart påklaga og Fylkesmannen i Hordaland fekk vedtaket til klageavgjersle, dei stadfesta vedtaket gjort av kommunen, ref. 2011/12633 423.1.

Hytta ligg uregulert område, avsett i kommuneplan for Masfjorden kommune 2018-2030 til LNF-området med spreidd bustadbygging. Tiltaket er difor ikkje iht. planformål og det vert søkt om dispensasjon frå dette.

Det vert i søknad argumentert med at det var Oddlaug Larsen og Arne Henry Larsen som bygde hytta og tok alle kostandane med denne. Dei ynskjer difor no å få formalisert eigartilhøve og oppretta feste tomt på ca. 1000 m<sup>2</sup> rundt hytta. Dette er andre opplysningar enn det som vart lagt fram då den var til handsaming i 2010/11.

Området ligg innanfor aksemdsområdet for skred, søkjar er gjort kjend med at det også må gjerast ei skredvurdering om det evt. skulle verta gitt dispensasjon frå planformålet i saka.

Det er saman med søknad om dispensasjon lagt fram dokument som gjev hytta rett til veg og brønn. Det er og lagt med skriv der det vert hevna at det er gjeve avkøyringsløyve utan at kommunen har teke stilling til dette.

Ein viser elles til vedlagte skriv frå søkjar.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### **Vedlegg:**

Gjenpart av nabovarsel og Kvittering for nabovarsel - gbnr 53/1 og 53/2

Kommunikasjon vedk manglande dokument i saka - gbnr 53/1 og 53/2

Gjenpart av nabovarsel og liste over naboar

Manglande opplysningar - Søknad om oppretting av ny festegrunn for fritidshus - gbnr 531 og 532

Søknad om oppretting av ny festegrunn for fritidshus - gbnr 53/1 og 53/2

Søknad om dispensasjon med vedlegg

Fullmakt

Erklæring om rettigheit i fast eigedom

Nabovarsel

### **Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2      6863  
Postboks 7900      5020

LEIKANGER  
Bergen